

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 27.08.2014
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakhandsamar: HR- og organisasjonssjef Berit Berntsen
Saka gjeld: **Oppnemning av medlemmer til valstyre for Sjukehusapoteka Vest HF
2014/ 2015**

Styresak 54/14 (B)

Styremøte 10.09.2014

Forslag til vedtak

Styret vedtek at valstyret for Sjukehusapoteka Vest HF for valet i 2014/ 2015, skal ha følgjande medlemmer:

- Gunvald Iversen, Hovudtillitsvald for Farmasiforbundet/Parat
- Margot Marum, Hovudtillitsvald for Fagforbundet
- Berit Berntsen, HR- og organisasjonssjef, Sjukehusapoteka Vest HF

Innleiing

I kraft av å være et heleføretak er Sjukehusapoteka Vest HF leia av eit styre.

I høve til føretaksmøtet 20. februar 2014 skal styret i sjukehusapoteka Vest ha 9 medlemmer. Seks medlemmer blir oppnemnd av føretaksmøtet, som og utpeiker leiar og nestleiar for styret. I tillegg skal dei tilsette velje tre styremedlemmer med vara medlemmer. Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er vald av og blant dei tilsette ikkje i behandling av saker som gjelder arbeidsgivars førebuing til forhandlingar arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakar organisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler.

Administrerande direktør har ansvar for utøving av den daglige leiinga av Sjukehusapoteka Vest. Styret tilsett administrerande direktør.

Styremedlemmene blir oppnemnde for to år om gongen. Same funksjonstid gjeld for styremedlem vald av og blant dei tilsette. Siste val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette var i februar 2013. Det skal difor no gjennomførast val av 3 styremedlemmer av og blant dei tilsette med tilhøyrande varamedlemmer verknad frå og med mars 2015.

Fakta

Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett. Valstyret skal vidare ha ein leiar og ein nestleiar. Det er styret i helseføretaket som skal peike ut valstyret.

Det er valstyret si oppgåve å fastsette datoen for valet. Valstyret skal kunngjere valdatoen med ein frist på åtte veker. Valstyret skal òg kunngjere om valet skal bli gjennomført som fleirtalsval eller som forholdstalsval. Det er valstyret si oppgåve å sjå til at innkomne forslag er i samsvar med lova og forskrifta, og om dei føreslåtte kandidatane er villige til å stille til val.

Valstyret vil ha ein funksjonstid frå oppnemninga av styret i Sjukehusapoteka Vest HF til valet i 2015 er gjennomført og godkjent. Det er ei målsetting at valprosessane i alle helseføretaka i Helse Vest skal vere samkjørte, og at alle valstyrene blir einige om ein felles valdato for valet i 2015, slik det har vært praktisert tidligare år. I høve til styresak i Helse Vest RHF sitt styremøte 03.09.14 (Sak 090/14) planlegg ein i Helse vest at valet skal vere gjennomført innan medio mars 2015.

Førre val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette i Sjukehusapoteka Vest vart gjennomført 8. februar 2013, samstundes med val i alle helseføretak i Helse Vest.

Plan for prosess

Det er styret i føretaket som skal utnemne valstyre som skal stå for gjennomføringa av valet.

Når det gjeld etablering av valstyre skal det skje i samsvar med ovanfor nemnde forskrifts § 8¹:

«Valget ledes av et valgstyre. Valgstyret skal bestå av minst tre personer med stemmerett, hvorav en leder og en nestleder.

De ansatte og foretakets ledelse skal ha minst en representant hver i valgstyret. Når styrerepresentasjon for de ansatte er etablert, herunder ved en midlertidig avtalebasert ordning, oppnevnes valgstyret av foretakets styre. Dersom slik representasjon ikke er etablert, skal valgstyret oppnevnes av foretakets daglige leder, eller den vedkommende gir fullmakt, sammen med de ansattes tillitsvalgte.

Dersom valgstyret må oppnevnes gjennom avstemning, er det bare de ansattes representanter som har stemmerett.

Foretakets ledelse skal dog ha anledning til å oppnevne en representant i valgstyret. Medlemmer av valgstyret som ikke kan eller ønsker å fungere lenger, skal erstattes snarest.»

Sjukehusapoteka Vest har 3 arbeidstakarorganisasjonar med rettigheitar i høve til Hovudavtala. Dei har i fellesskap nominert to representantar til valstyret. Arbeidsgjevars representant vart utnemnt i leiarmøte i Sjukehusapoteka Vest 26.08.2014. Med bakgrunn i disse prosessane er forslag til samansetning av valstyre for valet 2015:

- Gunvald Iversen Hovudtillitsvald for Farmasiforbundet/Parat
- Margot Marum, Hovudtillitsvald for Fagforbundet
- Berit Berntsen, HR- og organisasjonssjef (utnemnd av føretaket)

Konklusjon

Med bakgrunn i den ovanfor beskrivne prosess i Sjukehusapoteka Vest i høve til utnemning av representantar til valstyre 2014/ 2015, anbefaler administrasjonen styre å vedta følgjande valstyre for Sjukehusapoteka Vest HF for valet i 2015:

- Gunvald Iversen Hovudtillitsvald for Farmasiforbundet/Parat
- Margot Marum, Hovudtillitsvald for Fagforbundet
- Berit Berntsen, HR- og organisasjonssjef (utnemnd av føretaket)

Valstyret sin funksjonsperiode vil være frå utnemning og fram til valet i 2015 er gjennomført og godkjent.

¹ Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetaks og helseforetaks styrer, FOR-2002-11-15-1287